



Bjørn Dyrkolbotn  
Dyrhovden 2 A  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2812 - 17/2072

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
25.01.2017

## Gjeld søknad om frådelling av parsell - gbnr 233/105 Eide indre

Lindås kommune viser til søknad om frådelling av bustadparsell frå gbnr 233/105 mottatt 06.09.2016 og seinare dialog i saka. Slik tidlegare nemnd er søknaden ikkje komplett. Når tidlegare gitt løyve til frådelling ikkje lenger er gyldig må det sendast inn ny søknad med oppdatert dokumentasjon. Søknaden må supplerast med følgjande:

- **Situasjonskart**  
Parsellen må teiknast inn på vedlagte situasjonskart. Løysingar for veg, vatn og avlaup må visast på kartet.
- **Nabovarsel**  
Tiltaket må nabovarslast. Det må gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon. Skjema for nabovarsling finn du på [www.dibk.no](http://www.dibk.no) under fana for skjema og blankettar. Aktuelle skjema er blankett nr 5154, 5155 og 5156.
- **Søknad om dispensasjon**  
Tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande arealføremål i kommuneplanen som er LNF. Den innsende dispensasjonssøknaden er ikkje tilstrekkeleg grunngjeven til å kunne takast til handsaming. Vedlagt følgjer rettleiar for søknad om dispensasjon.
- **Avkjørsle**  
Løyvet til utvida bruk av eksisterande avkjørsle, gitt i vedtak datert 04.01.2011, er ikkje lenger gyldig. Det må sendast inn ny søknad om utvida avkjøringsløyve.
- **Vassforsyning og avlaupshandtering**  
Det må gjerast greie for vassforsyning og avlaupshandtering. Det ligg offentleg VA-anlegg fram til bustadområdet sørvest for gbnr 233/105. Kommunen vurderer at ein eventuell ny parsell må koplast til dette anlegget. Det må søkjast om løyve til tilkopling, eller hentast inn uttale frå eining for Teknisk drift.
- **Privatrettslege tilhøve**  
Dersom tiltaket krev bruk av private anlegg for veg, vatn og avlaup eller rett til å plassera anlegg på privat eigedom må dette vera dokumentert sikra før kommunen kan handsama søknaden.



Kommunen ber om at tilleggsdokumentasjonen vert send inn samla innan **03.03.2017**. Dersom dokumentasjonen ikkje er mottatt innan fristen vert søknaden handsama ut frå den dokumentasjonen som ligg i saka.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart gbnr 233-105  
dispensasjon

**Mottakarar:**

Bjørn Dyrkolbotn

Dyrhovden 2 A

5993

OSTEREIDET